



Sætre-huset er no seld til Elin Enes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Harald og Henrik Sætre har no seld den sentralt beliggande bustad- og næringseigedomen Uskedalsvegen 580 (like ved grana) til Elin Enes. Tidlegare dreiv ho Elins Marknads plass og Konditori i gamleskulen like ved, men la ned denne verksemda i august i fjor.

Harald Sætre stadfestar at det er inngått avtale om salet og opplyser at overtakinga av eigedomen truleg vil finne stad om ei veketid.

Når uskedalen.no forelegg opplysningen om salet for Elin Enes er svaret dette: - Ingen kommentar!

Harald Sætre, som bur i Arna, er glad for at det igjen blir liv i huset.

- Det er hyggeleg at den som overtek har interesse av å videreføra aktivitet der, seier Sætre. Han kjenner ikke til dei planar den nye eigaren måtte ha.

H. Sætre Bakeri vart starta i 1938/39 av Helmer Sætre i det då nybygde huset. Det vart utvida i 1947 og tidleg på 1960-talet vart og butikken utvida. Bakeri og butikk vart lagd ned i 1973. Den siste som leigde plass i huset var Kvinnherad Dyreklinikk, som slutta av sist haust.

I første etasje er det butikklokale og kontor og i underetasjen ligg det tidlegare bakeriet, med den opphavelig vedfyrte teglsteinsovnen frå 1938 samt lager og kjellarrom. Både butikken og bustaden er på 116 kvadratmeter, medan lager- og kjellarromma dekkjer 125 kvadratmeter.

Av Ola Matti Mathisen